

Handlingsplan 2014 – 2017

EKSTERN TENESTE

Hallingdal brann- og redningsteneste IKS

Handlingsplan med økonomiplan for 2014-2017



Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Innhold:

1. Mål
2. Utfordringar
3. Politisk og administrativ organisering
4. Økonomiplan 2014-2017

0. Generelt

Dokumentet omhandlar handlings- og økonomiplan for år 2014 til 2017 der ein skildrar planar for følgjande handlingar:

- gjennomføring av oppgåver av brannførebyggande og kontrollerande art,
- å vere innsatsstyrke ved brann,
- å bistå med innsats ved andre akutte ulukkessituasjonar,
- ha beredskap mot akutt forureining,
- gjennomføring av feiing og kontroll av fyringsanlegg.
- gjennomføre kurs- og øvingsaktiviteter på Torpomoen HMS-senter

1. Mål for planperioden

1.1 hovudmål

Hallingdal brann- og redningsteneste iks skal vere organisert, tilfredsstillande utstyrt og bemanna med personell som har tilstrekkeleg kompetanse slik at Hallingdal brann- og redningsteneste iks kan utføre dei oppgåver som ein etter lov om brannvern er tillagt på ein tilfredsstillande måte.

HBR skal utføre tenester som har høg kvalitet og som tilfredsstiller dei krav som Ål, Gol og Hemsedal sine eigarar og innbyggjarar skal kunne forvente.

1.2 delmål

Hallingdal brann- og redningsteneste iks skal i planperioden:

- a. arbeide for å halde ein stabil mannskapssituasjon både i beredskap og feiar-/førebyggjande avdeling gjennom å skape eit trygt og interessant arbeidsmiljø.
- b. gjennomføre interne og eksterne kurs for å få mannskap med tilstrekkeleg kompetanse. Det skal vere utarbeidd opplæringsplan for dette arbeidet.
- c. ha nødvendig utstyr for å kunne handtere dei brann- og ulukker ein kan forvente å bli stilt ovanfor. Det skal vere utarbeidd utstyrsplan for planperioden.
- d. førebyggjande avdeling skal ha tilstrekkeleg kompetanse for å kunne utføre eit kvalitativt godt arbeid.
- e. feietenesta skal vere med tilstrekkeleg kompetanse for å kunne utføre eit kvalitativt godt arbeid.
- f. Skal søke samarbeid med andre aktørar med felles interesse innan beredskap og forebygging.
- g. det skal gjennomførast kurs- og øvingsverksemd retta mot private, næringsverksemd og andre kommunale brannvesen i samarbeid med Torpomoen drift as

1.3 status

Etter at Hemsedal og Gol brann- og redningsteneste iks har vore i drift sidan 1.1.1999 vart selskapet frå 1.1.2005 utvida til også å gjelde Ål kommune. Nytt namn vart Hallingdal brann- og redningsteneste iks.

Selskapet har etterkvart innarbeidd gode rutiner, instruksar og reglement. Dette skal innarbeidast også for Ål brannvesen for å sikre eit godt arbeidsmiljø og gode arbeidsrutiner.

Beredskapsavdeling

Det er tilsett 54 mannskap i deltidsstyrken. Mannskapet får nødvendig kompetanse gjennom interne øvingar, eksterne kurs og erfaringar. Det er eit stort behov for tilføring av kompetanse der beredskapstrinn I er det mest omfattande kort sikt.

Utstyrsmessig er brannstasjonane utstyrt for å kunne handtere dei vanlegaste brann- og ulukkestilfelle. Det er likevel nødvendig å oppgradere utstyr i takt med utviklinga, skifte ut utstyr som er slitt/defekt eller utgått på dato samt å ha utstyr for p.g.a. særforhold i kommunane. Vidare er nokre av bilane klar for utskiftning.

Førebyggjande avdeling

I tillegg til brannsjef er det 100 % stilling som branninspektør/ingeniør og 80 % avdelingsleiar førebyggjande der desse er kvalifisert til å gjennomføre brannførebyggjande arbeid i tråd med forskrift. Elles er det 20 % kurskoordinator som skal ha ansvar for eksterne og interne kurs og øvingar samt 50 % kontorstøtte.

Feiaravdeling

Det skal vere 300 % stilling som feiar der me i dag har 250 %. Den siste 50 % er innleigd ved behov. Ein av feiarane har svennebrev, og ein har påbegynt arbeidet.

2. Utfordringar

I.f.t til dei mål som er satt for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vil det vera ein utfordring å klare å nå desse utan å få dei rammer som brannvesenet legg fram for handsaming.

Det er to utfordringar som vert nemnd:

- a. Det er ein gamal bilpark der brann- og tankbil i Hemsedal og tankbil i Gol bør skiftast til meir driftssikre bilar. Dette krev investeringstilskot.
- b. Rammene for brannvesenet må aukast meir enn det som er forventa. Dette er fordi løn for brannmannskap har ein høgare vekst enn det som er samanlikna med fagarbeidaren. Dersom ikkje det vert gjeve lønstilskot vil dette resultere i svekka beredskap.

3. Politisk og administrativ organisering

Hallingdal brann- og redningsteneste iks er organisert som eit interkommunalt selskap i tråd med Lov om interkommunale selskap der det er oppretta eit representantskap som øvste organ med ein representant frå kvar kommune. Vidare er det eit styret som skal følgje opp den daglege drifta der det er valgt 4 styremedlemmer pluss ein representant frå dei tilsette i selskapet.

4. Økonomiplan

Dei økonomiske rammene for planperioden er utarbeidd i faste 2014-prisar.

4.1 nye driftstiltak

Det er ikkje lagt inn nye driftstiltak.

4.2 nye investeringstiltak

Det er lagt inn investeringstiltak for brannbil i Hemsedal. Tankbil i Gol og Hemsedal vert dekkja av selskapet.

4.3 rullering av vedteken økonomiplan for 2013-2016.

Økonomiplanen for 2014-2017 følgjer økonomiplanen for 2013-2016.

4.4 Oversikt for hovudpostar - driftsbudsjett

(alle kostnadar i 1.000 kr og utan mva).

Hovudpost	2014	2015	2016	2017
Løn beredskapsavd. inkl. sos. utg.	5.925'	5.925'	5.925'	5.925'
Løn faste stillingar inkl. sos. utg.	2.025'	2.025'	2.025'	2.025'
Løn feieavd. inkl. sos. utg.	1.240'	1.240'	1.240'	1.240'
Løn styre/repr.skap inkl. sos. utg.	66'	66'	66'	66'
Driftsutgifter beredskap	2.484'	2.484'	2.484'	2.484'
Driftsutgifter feiing	959'	959'	959'	959'
Overføring frå Ål kommune	4.002'	4.002'	4.002'	4.002'
Overføring frå Gol kommune	3.827'	3.827'	3.827'	3.827'
Overføring frå Hemsedal kommune	2.671'	2.671'	2.671'	2.671'
Refusjon feiing	2.199'	2.199'	2.199'	2.199'
Sum	0'	0'	0'	0'

4.5 Oversikt for hovudpostar - investeringsbudsjett

(alle kostnadar i 1.000 kr og utan mva).

Hovudpost	2014	2015	2016	2017
Investering	305'	305'	305'	305'
Sum	-	-	-	-

MØTEBOK

Sak. nr. 008/13 i Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Driftsbudsjett for 2013 samt økonomi- og handlingsplan for 2014-2017

Handsaming i: Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks
Tilrådingsorgan: Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks
Godkjenningsorgan: Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks
Sakshandsamar: Dag Botnen, brannsjef

Saksdokument: 1. Budsjetttrudskriv frå Ål kommune, motteke 02.09.2013
2. Budsjetttrudskriv for iks (rådmannsutvalet), motteke 08.09.2013
3. Møtereferat etter møte med rådmenn og representantskap, datert 13.09.2013
4. Brannordning av 1.1.2005
5. Budsjett detaljer – excel regneark
6. Økonomi- og handlingsplan 2014-2017

Vedlegg: 4. Budsjett detaljer – excel regneark (elektronisk)
5. Økonomi- og handlingsplan 2014-2017

SAKSOPPLYSNINGAR:

Det er tre førande dokument for budsjettarbeidet for 2014 og dette er:

1. Budsjetttrudskriv i Ål kommune.

- a. Løn skal leggest inn i.f.t. situasjonen pr no der lønsjusteringar for 2014 vert lagt inn av økonomisjef i etterkant.
- b. Kommunale gebyr skal aukast med 3 %.
- c. Det skal ikkje vera endringar utover løn.
- d. Det skal leggest opp til 1,5 % på brutto utgifter.

Vedr. punkt d. er det utydeleg kva som vert forventa då det er ulogisk å legge til løn på brutto utgifter dersom det skal sparast 1,5 % på brutto utgifter for budsjett av 2013. Det vart teke kontakt med økonomisjef i Ål kommune for å avklare dette.

Me skal budsjettere med budsjetttramme for 2013 utan lønstillegg og med 1,5 % reduksjon på dette. Punkt a og b skal derfor sjåast bort frå.

Resultat av dette er at reduksjonen reelt er 1,5 % + lønsvekst ift sentrale føringar og forhandlingar. Dette vert i kommunen satt av av økonomisjef, men det vert ikkje satt av for iks. Resultat av dette igjen er som me har drøfta tidlegare i styre og representantskap; det må etablerast eigne retningsliner for iks. Spesielt er det for brannvesenet der 80 % er løn.

Lønsvekst i iks må søkast om særskilt.

2. Budsjetttrudskriv for iks i Hallingdal

Slik ein tolkar skrivet frå rådmannsutvalet er det 1,5 % av ramma for 2014 som skal innsparast. Det vert også i skrivet bede om å legge fram konsekvensar.

3. Referat etter møte mellom rådmenn og representantskap

Styret legg fram eit budsjett som er 1,5 % reduksjon på driftsramma i.f.t. budsjett for 2013.

Forhold som medfører kostnadsauke må leggjast fram som egne tiltak:

- a) Pensjonskostnad som følgje av at nedre innmeldingsgrense er fjerna frå og med 1.6.2013.
- b) Endringar i sentral forbundsvise særavtale for brannvesen, SFS 2404
- c) Nødnettsimplementering.

Det må framkomme i budsjettet ei ramme for investeringsbehov.

Det som ikkje kjem fram av referatet, men som er ein konsekvens av dokument 1 og 2, er at generell lønsvekst også må leggjast inn som særskilt tiltak.

I.f.t. investeringar er det i referatet også sagt at selskapet må i tillegg til å endre selskapsavtala innarbeide i budsjettet den ramma som er nødvendig for å kunne oppta lån til nytt utstyr (brannbilar).

ØKONOMI:

Budsjetteramme for 2013: **kr. 9.367.369,-**

Budsjetteramme for 2014: **kr. 9.226.858,-** reduksjon på 1,5 % som tilsvarar kr 140.511,-

Budsjettbehov for 2014: **kr. 10.500.000,-** inkluderer tillegg som vert søkt om særskilt og som er nødvendig for å oppretthalde lik teneste som for 2013.

Særskilte tiltak:

1. Løn 505.833,-

Auke skuldast:

- a. generell lønsvekst basert på forventa vekst i kommunal sektor samt justeringar for 2013.
- b. KS/SFS 2404 fastset frå 2013 at utrykning skal reknast som overtid, kostnadsauke på 35-45% (budsjetterar likeveke berre 15 % i håp om å få ned tal utrykningar)
- c. KS/SFS 2404 fastset frå 2013 at det skal vera ei auke på kr 5,- pr time i risikotillegg for utrykning.
- d. KS/SFS 2404 fastset frå 2013 at det skal vera ei auke på kr 40,- pr døgn i arbeidskompensasjon for arbeid på vakt for fagleiar.

2. KLP 420.000,-

Auke skuldast endring i regelverk for KLP der nedre grense for pensjonsgjevande inntekt er fjerna i 2013. No skal all inntekt (regulativløn) vera pensjonsgjevande. Dette medfører ein kostnadsauke som er stor som følgje av all vakt og øving/opplæring no vert pensjonsgjevande.

3. Nødnett 470.000,-

Nødnett er varsla i fleire år og no er dette på plass. Kostnaden er høg og dette er ein årleg abonnementsordning til staten. Dette er utanfor kommunen/brannvesenet til å velje/velje bort då det er eit nasjonalt prosjekt som er vedteke i Stortinget med ein kostnadsfordeling.

Differanse på budsjett etter budsjettsskriv og budsjett for å oppretthalde teneste etter brannordning av 2005 er kr. 1.273.141,-.

Investeringar:

Vert fremma som eiga sak

VURDERINGAR:

«Særskilte tiltak» er kostnader som kjem uansett om dei vert kva vedtak som måtte fattast. Det som me i realiteten drøftar er kva vaktberedskap som me skal ha i brannvesenet. Dette er det einaste området som me kan kutte i utan å seie opp stillingar (det kan kuttast i drift av kontor, kopiar m.m., men innanfor denne storleiken monnar det ikkje).

Fagleg sett vil det ikkje vera tilrådeleg å redusere vakter då behovet er motsatt. Det vert derfor ikkje lagt fram eit budsjett for ein beredskap som ein ikkje kan stå inne for. Kommunen kan likevel seia at dei ikkje ønskjer slik beredskap og kan gå ned på beredskapsnivået. Då dette er utanfor det som er fagleg akseptabelt, så må det fattast eit vedtak på at brannordninga vert endra med vakter tilsvarande den sum som eigarane forventar me skal redusere drifta med.

Brannsjefen driftar brannvesenet for eigarane der eigarane fastset akseptkriteriane.

Det er også teke til ordet for å legge ned ein brannstasjon, jfr møte mellom rådmenn og representantskap. Skal dette gjennomførast må eigarane be om ei utgreiing. Dette er også fagleg sett utanfor det brannsjefen meiner er akseptabel beredskap i regionen vår.

KONSEKVENsutGREIING

Kutt i ramme og ikkje gjennomføring av det som me kallar særskilte tiltak, men som er pålagte utgifter vil medføre kutt i vakter. Me vil redusere kutt i brutto ramme for 2013 tilsvarande 1,5 %, noko som utgjør kr. 140.500,-. Me ber samtidig om midlar for løn og nødnett samt investeringar.

Vaktordninga vår er i dag på kr. 2.586.000. inkludert sosiale utgifter. Dette er fordelt på sjåførvakt i Ål, helgevakter vinter i Hemsedal og Gol, fellesferie i Ål, Gol og Hemsedal samt høgtidshelger.

Kutt i vakter medfører redusert sannsynlighet for tilstrekkeleg oppmøte. Det er bevisst tilnærming til dei periodar me har vaktordning og som følgje av kutt i vakter tidlegare har me hatt ein del avvik på oppmøte. Det siste året der me har fått oppretthalde budsjettet vårt er det berre 1 avvik på oppmøte.

Dersom det vert krevd redusert beredskap i.f.t. oppmøte/vakter, ber me om at kommunen vedtek dette i kommunestyret med det som ein bevisst risiko som ein er villig til å ta.

Det er ikkje mogleg å ha ein brannordning som skildrar brannvesenet samtidig som budsjetttramma ikkje er i forhold til det som er skildra. Det er derfor viktig at eigarkommunane er bevisste på dette i sitt vedtak.

OPPSUMMERING

For å oppretthalde tenestetilbodet me har i dag, kostar dette kr:	10.500.000,-
Reduksjon på 1,5 % av fjorårsramma er kr:	140.511,-
Inkl. reduksjon og utan kompensasjon for løn/klp og nødnett vert ramma kr:	9.227.000,-

Då andre etatar får lønnskompensasjon ved å setje dette av, meiner me at dette også må vera gjeldande for iks (sjølv om det i mail er sagt at dette ikkje er tilfelle).

Budsjetttramme for 2014 vert etter dette kr. 10.500.000,- minus 140.511,- som er pålagt innsparing. Innsparinga skjer ved kutt i vakter (4 helgevakter om vinteren + ei sommarvakt) for Hemsedal og Gol brannstasjon (ut frå ei totalvurdering).

Konsekvens: større sannsynlegheit for at det ikkje vert nok mannskap til oppmøte ved utrykning.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Brannsjefen si tilråding

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks godkjenner budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 10.360.000,-.
2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek å redusere vakter tilsvarande 4 helgevakter vinter + 1 sommarvakt for kommunane Hemsedal og Gol for å redusere ramma med 140.000,-.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet for selskapet til endeleg godkjenning.

Sakshandsaming i styret for HBR iks 15.10.2013

Det må kome tydeleg fram i saka at innanfor ramma er det med ekstra tiltak (løn, klp og nødnett) samt at det er redusert med 1,5 % med utgangspunkt i budsjettet for 2012.

Vidare må det justerast for avtala som er inngått med Hol kommune vedr overbefalsvakter etter at saka vart oversendt styre. Denne har ein årleg verdi på om lag kr. 150.000,-. Ramma vert redusert med tilsvarande.

Vedtak i styret for HBR iks

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks godkjenner budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 10.210.000,-. I denne ramma ligg pålagte tiltak som lønsvekst, klp og nødnett samt reduksjon som følgje av avtale om overbefalsvakt med Hol kommune.
2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek å redusere vakter tilsvarande 4 helgevakter vinter + 1 sommarvakt for kommunane Hemsedal og Gol.
3. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg fram budsjettet for representantskapet for selskapet til endeleg godkjenning.

Styret sitt framlegg til vedtak i Representantskapet for HBR iks

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek budsjettet som framlagt med ei ramme på kr. 10.210.000,-. I denne ramma ligg pålagte tiltak som lønsvekst, klp og nødnett samt reduksjon som følgje av avtale om overbefalsvakt med Hol kommune.
2. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks tek til etterretning sparetiltaket for i møtekomme krav til innsparing.
3. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks sender saka til kommunestyra for orientering.

Torpomoen 15.10.2013

Tove Eggen Lien
Styreleiar

Dag Botnen
brannsjef

MØTEBOK

Sak. nr. 009/13 i Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Investeringsbudsjett – Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Handsaming i: Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks
Tilrådningsorgan: Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks
Godkjenningsorgan: Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks

Sakshandsamar: Dag Botnen, brannsjef HBR

Saksdokument: Sak 005/07 - investeringar
Sak 009/12 - representantskap
Budsjettsaker 2010-2013
Sak repr 004/13 - endring av selskapsavtale

Vedlegg: ingen

SAKSOPPLYSNINGAR:

Saka har versert i styre og i representantskap ei tid. For å kunne ta opp lån må det vera ein selskapsavtale som tillater dette. Dette er lagt fram for kommunane i sak 004/13 og investeringsbehovet vil følgje budsjettprosessen for 2014.

Det er i vedtak i sak 003/13 – rekneskap sagt at det skal nyttast 730.000,- av utstyrs- og investeringsfond for å byta ut tankbil i Hemsedal og Gol.

På kort sikt må brannbil i Hemsedal skiftast. Denne er 30 år gamal og er ikkje driftssikker lenger. Dette er omtala i tidlegare saker der det er informert om at bilen innimellom må dyttast i gong, den er kollisjonsskada, den har rusthull i pumpe m.m. Den har gjort jobben sin.

Det er tidlegare lagt fram sak om investeringsbehov.

I samband med budsjettet for 2014 vert det berre lagt fram investeringsbehov for brannbil Hemsedal. Øvrige behov vert fremma når investeringsplanen tilseier dette og etter at selskapsavtala er vedteke.

Ut frå kostnad på brannbilar (stipulering basert på samtalar med dei som har kjøpt brannbilar i seinare tid) vert ramma sett til 3.400.000,- (har redusert kostnad med 100.000,- for eksisterande brannbil). Kostnaden er eksklusiv mva.

Miljøkonsekvensar:

Ingen merknad.

Økonomi:

Kostnad for eit lån på 3.400.000,- utgjer kr 25.370,- pr mnd for ei rente på 4,10 % over 15 år. Dette utgjer ein samla årskostnad på kr. 304.440,-. Basert på fordelingsnøkkelen til selskapet vert dette pr. eigar:

Hemsedal	77.328,-
Gol	110.816,-
Ål	115.991,-

VURDERING:

Utfordringa til Hallingdal brann- og redningsteneste iks i dag er at me ikkje har moglegheiter for dei investeringar som er nødvendig for å oppretthalde ein akseptabel bilpark.

Rammene frå kommunane dekker driftsutgifter og det er ikkje avsetjingar til noko investeringar. Når brannvesenet driv med underskot er det heller ikkje rom for å sette av inntektene frå kurs- og øvingsaktivitetar gjennom Torpomoen rednings- og øvingspark.

Løysingar i andre iks er i hovudsak to; 1. avskrivningane blir ført over til selskapet ved etablering. 2. rammene blir auka slik at selskapet kan ta opp lån for nye investeringar.

Å basere investeringar på ”dugnad” og den evne og vilje mannskap og fast tilsette har til å jobbe med kurs og annan kompetanseopplæring er i lengda uforutsigbart. Inntening på kurs bør gå attende til å vidareutvikle konseptet for igjen å skape arbeidsplassar, utvikle kompetansesenteret og på denne måten bli eit etablert og attraktivt brannvesen i regionen.

SAKSHANDSAMING:

Brannsjefen sin tilråding

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek å investere i ein ny brannbil med ei kostnadsramme på inntil 3.400.000,-.

Finansiering skal skje ved låneopptak der dette skal skje ved rammeoverføring frå eigarkommunane etter fordelingsnøkkel fastsatt i selskapsavtala.

2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg saka fram for representantskapet for endeleg handsaming.

Sakshandsaming i styret for HBR iks 15.10.2013

Det vert presisert at låneopptak skal skje i selskapet og betjening av lån skal skje ved rammeoverføring frå eigarkommunane. Det må også i vedtak kome fram beløp for kvar einskild eigarkommune.

Vedtak i styret for HBR iks

1. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek å investere i ein ny brannbil med ei kostnadsramme på inntil 3.400.000,-.

Finansiering skal skje ved låneopptak i HBR iks der dette skal betalast ved rammeoverføring frå eigarkommunane etter fordelingsnøkkel fastsatt i selskapsavtala.

Fordelinga vert etter dette følgjande årlege kostnad:

- Hemsedal 77.328,-
- Gol 110.816,-
- Ål 115.991,-

2. Styret for Hallingdal brann- og redningsteneste iks legg saka fram for representantskapet for endeleg handsaming.

Styret sitt framlegg til vedtak i Representantskapet for HBR iks

1. Representantskapet for Hallingdal brann- og redningsteneste iks vedtek å investere i ein ny brannbil med ei kostnadsramme på inntil 3.400.000,-.

Finansiering skal skje ved låneopptak i HBR iks der dette skal betalast ved rammeoverføring frå eigarkommunane etter fordelingsnøkkel fastsatt i selskapsavtala.

Fordelinga vert etter dette følgjande årlege kostnad:

- Hemsedal 77.328,-
- Gol 110.816,-
- Ål 115.991,-

Torpomoen, 15.10.2013

Tove Eggen Lien,
Styreleiar

Dag Botnen
brannsjef